

September 2023

Samhandlingsnytt

Kjære lesar

Så er sommaren er over og hausten godt i gang!

Denne utgåva av Samhandlingsnytt fortel om spennande arbeid som pågår i området vårt.

Ta gjerne kontakt om de kjenner til arbeid som pågår som kan vere interessant å formidle via Samhandlingsnytt. God lesnad!

Kvalitetskonferansen 2023

Kvalitetsutvalet i Helse Førde inviterer engasjerte tilsette i Helse Førde og andre helseverksemder i opptaksområdet til konferanse om kvalitet i helsetenestene 19. oktober. Meir informasjon om arrangementet og påmelding finn du her: [Kvalitetskonferansen 2023 - Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no/kvalitetskonferansen-2023-helse-forde)

Samhandlingsdag – barn og unge

Blir arrangert 16. november 2023 på Scandic Sunnfjord hotell for Førde BUP og kommunane Sunnfjord, Fjaler, Kinn, Askvoll, Solund, Hyllestad og Høyanger.

Tema for dagen: Korleis samarbeider vi rundt barn med angstproblematikk som treng hjelp frå begge nivå.

Les meir om samhandlingsdagen her: [Samhandlingsdag Barn og unge – for Førde BUP og kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn – Samhandling \(samhandling-sfj.no\)](https://samhandling-sfj.no/samhandlingsdag-barn-og-unge-for-forde-bup-og-kommunane-i-sunnfjord-og-ytre-sogn-samhandling)



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingssjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Fast sak

Møter i Sogn og Fjordane helsefelleskap

Fagleg samarbeidsutval

16. november (Lærdal sjukehus)

Strategisk samarbeidsutval

20. oktober 2023 (Askvoll)

30. november 2023

Felles brukarutval

23. november 2023

Avansert heimesjukehus (AHS) for barn og unge – erfaringar vi har gjort oss:



Avansert heimesjukehus (AHS) starta med å reise heim til sine første pasientar i november 2022. Dette har blitt svært positivt mottatt, og vi vil utvide tilbodet frå tre til fem dagar i veka.



Vi har ikkje hatt avstandsavgrensingar: tilbodet om AHS skal vere likt for alle som bur i Helse Førde sitt nedslagsfelt. Det vil dessutan ofte vere meir krevande for ein pasient som bur langt vekk å komme seg til sjukehuset.

Vi har heller ikkje hatt diagnoseavgrensingar: grunna eit relativt lite pasientgrunnlag i Helse Førde, har vi valt å tilby AHS til alle aktuelle, uavhengig av diagnose. Elles ville det blitt få pasientar som hadde fått tilbod. Vi vurderer kvart enkelt pasienttilfelle om det kan eigne seg for AHS. Fram til no har vi tilbydd AHS til premature-, onkologiske-, diabetes-, fedme- og multisjuka pasientar.

[Les meir om AHS- tilbodet på Helse Førde sine nettsider](#)

Indikator for SKRØPELIGE ELDRE i Samhandlingsbarometeret


Skrøpelege eldre er ei av dei 4 prioriterte gruppene for Helsefelleskapa. Dette er gruppa som har det største hjelpebehovet i dagleglivet, og representerer ei nøkkelgruppe for ressursbruk i kommunane. Dei har også hyppige sjukehusinnleggingar.

Gruppa er definert ut frå kartlegging av funksjonsnivået (meistringsevna/hjelpebehovet) på ulike område i dagleglivet. Kartlegginga skjer 2 gonger årleg i kommunane, ved hjelp av IPLOS-skjema, av alle som får tildelt offentleg omsorg (heimebasert) eller er på institusjon (sjukeheim). Skjemaset er inndelt i 20 måleområde for ressursar og hjelpebehov.

I Helsedirektoratet sin definisjon av pasientgruppa, som vi nyttar for indikatoren, blir funksjonsnivået inndelt i 4 grupper: 1) Noko redusert funksjon, 2) Redusert funksjon, 3) Dårlig funksjon og 4) Svært

dårlig funksjon. Definisjonen omfattar pasientar frå og med 75 år som blir rangert til verdien 3 eller høgare på ein av 10 prioriterte måleområder. I samråd med helsedirektoratet har vi i Samhandlingsbarometeret slått saman dei to første gruppene til **noko skrøpelege (pre-fragile)** og dei to siste til **mykje skrøpelege (fragile)**. Desse blir vist med fordeling av andelar (pr. 1000 av befolkninga \geq 75 år), og det aktuelle talet på personar det gjeld.

Seinare vil andre indikatorar for pasientgruppa, t.d. kor mykje kommunale helseteneste desse står for, kor mykje spesialisthelsetenester dei mottok og utvikling over tid bli publisert.



Illustrasjon: Oversikt over andel for noko skrøpelege og skrøpelege i kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde (2022).

Sogn og Fjordane helsefelleskap



Helsefelleskapet arbeider med planlegging av Samhandlingskonferansen 2024 og Erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid 2024. Dette blir to store arrangement våren 2024.

Avtaleutvalet i helsefellesskapet arbeider vidare med revisjon av delavtalane mellom helseføretaket og kommunane. Fire delavtaler skal ein starte arbeidet med no i haust, dette gjeld *Delavtale Svangerskaps-, fødsels og barselomsorga, Delavtale Samarbeid om den akuttmedisinske kjeda, Delavtale Samarbeid om beredskap og Delavtale Tilvising, innlegging og utskriving frå spesialisthelsetenesta.*

Alle gjeldande delavtalar ligg tilgjengeleg på nettsida [Samhandling Sogn og Fjordane](#).

Praksiskonsulentordninga



Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle og viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida gir informasjon om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde, og gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde](#)

[Aktuelle saker – dei nyaste øverst](#)

[PKO-kalender med aktuelle samhandlingskurs for allmennlegar](#)

FACT Sunnfjord og ytre Sogn

Helse Førde har starta arbeidet med utgreiing av FACT for Sunnfjord og ytre Sogn. FACT (Flexible Assertive Community Treatment) er ein samhandlingsmodell mellom spesialisthelsetenesta og kommunen. Modellen rettar seg mot personar med alvorlege psykiske lidingar og med store samansette utfordringar. Bakgrunnen for satsinga av FACT i Norge, har vore at ein opplever

tenesteapparatet som fragmentert, og at det er manglende samhandling og koordinering mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Målet med FACT er at menneske i målgruppa for oppfølging i eit FACT-team, skal oppleve betre heilskapelege og integrerte tenester, samt kontinuitet i oppfølginga. På den måten kan brukarar få ei dør inn, og møte færre tenesteaktørar. Eit FACT-team er eit tverrfagleg samansett team. Det er fokus på å hjelpe menneske der dei bur, og oppfølginga skjer stort sett på deira arena og i trygge omgjevnader. I tillegg vil pårørande, naboar og andre i nettverket vere ein viktig samarbeidspart for FACT-teamet.

Helse Førde har tatt initiativ til denne satsinga saman med kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn, og prosjektgruppa er godt i gang med arbeidet. I prosjektgruppa deltek fagpersonar frå Helse Førde og kommunane, brukarrepresentant frå Mental helse, tillitsvald og verneombod. Vi er framleis i startgropa i prosjektet, men vonar at ein i løpet av 2024 kan starte opp FACT-team i Sunnfjord og ytre Sogn.



Lærling i helsefagarbeid

Helse Førde har dei siste åra tilsett seks lærlingar i helsefag i året. Dei er fordelt ut på fleire av våre lokasjonar, både i Førde, Lærdal og Nordfjordeid. Som lærebedrift er vi opptekne av å gje lærlingane våre god breidde i utdanninga si og gje dei moglegheit for å få ulike erfaringar, samtidig som vi har fokus på å at lærlingen skal kjenne seg ivaretatt og få god oppfølging gjennom læretida. Vi har til dømes fagdagar med ulike tema gjennom året, halvårssamtalar og delprøver. Vi legg også opp til rullering mellom ulike avdelingar, slik at lærlingane skal få dekkja læreplanmåla og fått eit godt læringsutbyte i læretida.

Helsefagarbeidaren er ei yrkesgruppe som vi ser vil vere svært viktig for oss i framtida, derfor vil det også vere viktig at vi er med å skape nok læreplassar for lærlingane. Vi har som mål å auke talet lærlingar dei neste åra.



Helse Førde har også eit samarbeid med ein del omliggjande kommunar der vi inviterer lærlingar i kommunane å søke om hospitering for ein periode på 5-8 veker. I tillegg inviterer vi alle lærlingane i helsefag i kommunane til ein informasjonsdag om spesialisthelsetenesta. Målet med denne dagen er å gje lærlingane frå kommunane eit innblikk helseføretaket sine rutinar og ulike oppgåver. Som helsefagarbeidar i kommune vil ein truleg ha eit samarbeid med større helseføretak i nærområdet, og eit innblikk i drift og organisering vil vere nyttig å ha med seg ut i arbeidslivet.

Eit fokusområdet framover vil vere rekruttering og tilsetjing av fleire lærlingar i helsefag. Helse Førde ønskjer å jobbe direkte ut mot dei vidaregåande skulane for å informere om kva moglegheiter som ligg i yrket helsefagarbeidar og kva vi som lærebedrift kan tilby.